# Uppdaldåggån 2010 • Hovudstaden kjem til Steinkjer • Bokpub • Litteraturseminar

## FREDAG 23. APRIL

BOKSAL

**Offisiell opning av dåggån • Bokpub**

Høvel'n, Dampsaga kulturhus, Bogavegen 10

**Billett kr 100,–. Førehandssal på Steinkjer bibliotek**

Uppdalblues med Øyvind Brandtzæg, Jan Erik Moe og Knut Jørgen Nonstad. Ellrun Ystad.

18.00: Hovudstaden kjem til Steinkjer:
**Aschehoug lanserer ny biografi om Uppdal**

Arild Bye fortel frå fire års arbeid.

## LAURDAG 24. APRIL

BOKSAL

**Litteraturseminar: Oppvekst, arbeidsliv, forfattarskap**
**Billett kr 200,–. Førehandssal på Steinkjer bibliotek**

Høvel'n, Dampsaga kulturhus, Bogavegen 10

10.30 **Registrering og kaffi**

11.00 Anders M. Andersen: **«Forskingsrapport: betre romanar finst ikkje»**

*Den store moderne romanen* i fleire/mange delar av Proust, Musil og andre, har ein dansk litteraturforskar kalla «de monstrøse romaner». Ingen har som Uppdal lukkast med *Den store moderne romanen* som ikkje er monstrøs, men avrunda, gjennomkomponert syklus.

Dante skreiv *Den guddomlege komedien* i tre delar, Balzac *Den menneskelege komedien* i 52 delar, Uppdal *Den moderne komedien* i 10 delar.

12.00 Eirik Vassenden:
**«Attlatne bøker – korleis opnar ein dei? Uppdal og Kulten-diktinga»**

Med utgangspunkt i nokre Uppdal-dikt skal foredraget diskutere tre sentrale lyrikkpedagogiske problem. For det første: Mykje lyrikk er «vanskeleg å forstå», som det ofte heiter. Ofte handlar dette om lesarens eiga giddeløyse, men somme tider dreier det seg om genuine problem: Korleis – og kanskje også *kvifor* – les vi noko vi har vanskeleg for å forstå? Uppdals lyriske storverk *Kulten* er skrive i ei sær og dialektbunden språkform som var vanskeleg å lesa til og med for samtidas lærde filologar med same dialektbakgrunn som diktaren sjølv. For det andre: Korleis bruker vi den historiske bakgrunnen – konteksten – til å lesa og tolke dikt?

Uppdals forfattarskap er sterkt knytt til retningar som ekspresjonisme og vitalisme, men delar av denne konteksten er lite kjend i dag. For det tredje: Korleis bruker vi forfattarbiografien når vi tolkar og formidlar lyrikken? Vi får med Arild Byes biografi eit sett med nye lesenøklar. Skal vi bruke desse, og i så fall: korleis?

Pause med kunstnarlege innslag

13.00 Hildegunn Eggen: **Opplesing**

14.00 Arild Bye: **«Ein mot alle – Kristofer Uppdal»**

Etter fire års arbeid med Kristofer Uppdals biografi. Om trekantforholdet mellom biografen, den biograferte og biografien. Kven er det ein skal lite på – og kvifor?

Dessutan: Har ei bok om ein ukjend 1900-talsforfattar noko å seie – i den postmoderne verda av 2010?

15.00 Byvandring

Sagmestervegen–Skippergata–Kongensgata–Torget–Elvegata

15.05 Vi stoggar ved Uppdalplaketten på Olsenhjørnet.

15..30 Varaordførar Aud Gaundal: **Appell**
Fagerheim skolekorps

**Kransnedlegging ved Uppdalbautaen**
**Kristofer Uppdals gate**

**Førehandstinging av billettar til Uppdaldåggån: Steinkjer bibliotek tlf. 74 16 93 60**

Arrangør: **Kristofer Uppdals venner** med stønad frå **Arbeidslaget hans Kristofer: Aschehoug, Embla Forlag, LO i Steinkjer, Nord-Trøndelag Elektrisitetsverk, Nord-Trøndelag fylkeskommune, Norsk kulturråd, Steinkjer bibliotek, Steinkjer kommune og Trønderlaget**

ANDRE ARRANGEMENT I SAMBAND MED UPPDALDÅGGÅN:

Torsdag 22. april: Embla Forlag, Steinkjer, lanserer «Kongen» av Uppdal som lydbok, innlese av Ståle Bjørnhaug.

Fredag 23. april, kl.10–15 i Steinkjer rådhus: **Edvard Hoem om Bjørnstjerne Bjørnson.** Opplesing,«bokbad» med Hege Duckert, Romeo Gill og andre. Fylkesbiblioteket markerer Bokdagen og Leseåret med litteraturseminar. Billettpris kr 300,–.